



Chabliss vann såvidt og her sit laget. Frå venstre Tone Tjelmund, Valen, Åsmund Lilleaas Valen/Uskedalen, Terje B. Markhus, Valen, Lars Johan Myklebust, Uskedalen, Yngve Myhre, Uskedalen og Ørjan Bakke, Valen

Etter ein formidabel sluttrunde under den siste bolken som var kalla blanda drops var hyttefolket frå Skorpo nær ved å vinna quiz nummer 2 i sommarserien på Systrene Nilsen. Dei kom i mål berre 2 poeng etter vinnande Chabliss som var ein kombinasjon av Valen-folk og uskedelinger.

Det vart eit krevjande og spennande oppgjær der favorittane Nesjarane gjekk på ein sprekk heilt frå start då dei ikkje minst svikta på lokalkunnskap.



Hyttefolket frå Skorpo som nesten vann: Frå venstre rundt bordet sit Lars Skorpen, Asbjørn Dale, Hans Skorpen, Eivind Birkeland, Ingrid Skorpen, Dina Dale, Mats Dale og Øyvind Dale

I første runde i førre veka var det berre 5 lag med, men no var talet auka til 9 med

god geografisk spreiring. Spørsmåla var tildels svært intrikate og hadde stor spreiring innanfor 6 kategoriar. Her er nokre døme på det:

- * Kva var døypenamnet til Matti Røssland?
- * Kor mange år fylte Agnar Melkersen nyleg?
- * Kor mange prosent av oss er venstrehendte?
- * Kvar vart sommar-OL halde i 1952, 1976 og 1992?
- * Kva for eit pattedyr legg egg?

Her er resultatet:

- 1. Chabliss 67**
- 2. Skorpo 65**
- 3. Sikkert siste 60**
- 4. Nesjarane 56**
- 5. Reds 51**
- 5. Fantastic 4 51**
- 7. Hammaren 42**
- 8. Yolo 41**
- 9. Wikipedia 34**

Chabliss-laget stilte med ein quiz-general - Ørjan Bakke - men han streka under at han slett ikkje hadde æra åleine for at dei vann. Grunnen til at dei kalla seg opp etter ein kvitvin var ikkje sponsing men berre at dei likar vinen og også kosa seg med han undervegs. Men kanskje vankar det ei feit kontrakt framfor neste quiz?

Programleiar denne gongen var Bjørn Sturle Hillestad og som tidlegare gjennomførte han jobben på suverent vis sjølv om dysten med fordel kunne ha vore ein halvtime stuttare.

No er det lagt eit godt grunnlag for quiz nummer 3 som kanskje blir sommarens siste.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen